


# Fremre korsbandsskade

Skade på fremre korsband er den vanligaste alvorlege kneskaden på verdsbasis. I Noreg blir omtrent 4 000 korsband skada kvart år og halvparten av desse blir operert. Dette er ein skade som først og fremst rammar den yngre delen av innbyggjarane, og pasientane som blir operert er i gjennomsnitt 29 år. Det er litt fleire menn (56 %) enn kvinner som blir opererte, og omtrent 70 % av skadane skjer i samband med idrettsaktivitetar; ofte fotball, handball eller alpint. Konservativ behandling kan vere tilstrekkeleg, men operativ behandling blir ofte gjennomført for å betre stabiliteten i kneet og redusere risikoen for eventuell seinare artrose. Den vanligaste operasjonsmetoden er å erstatte det øydelagde korsbandet med eiga sene, og operasjonen blir ofte utført dagkirurgisk.


## Bakgrunn

Skade på fremre korsbands er definert ved hovud- eller bidiagnose S83.5, S83.7, M23.5 eller M23.51 (ICD-10). Operativ behandling er definert ved diagnostisert fremre korsbandsskade og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane NGE11, NGE15, NGE21, NGE25, NGE31, NGE35, NGE41, NGE45, NGE51, NGE55, NGE91 eller NGE95 (NCSP). Pasientar i alle aldrar er inkludert i utvalet.

Det er årleg i gjennomsnitt 1 500 offentleg finansierte operasjonar for behandling av fremre korsbandsskade i Noreg.



Kjelde: NPR  
Samla tal operasjonar for fremre korsband, for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt etter kjønn og i aldersgrupper.




Kjelde: NPR/SSB  
Operasjonsrate: Tal operasjonar for fremre korsbandsskade per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde. Ratane er justert for kjønn og alder. Søylene viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og er inndelt etter operert ved helseføretak eller avtalesjuehus som ligg i buområdet til pasienten, utanfor buområdet til pasienten eller operert ved anbodssjuehus eller hos avtalespesialist (uansett plassering).

## Resultat

Det er fire gonger så vanleg med operasjon for skade på fremre korsband i buområde Førde som i buområde Telemark.

Dei aller fleste blir opererte på offentlege sjukehus (75 %), men i fleire buområde er det ein stor del av pasientane som blir opererte hos private tilbydarar med offentleg finansiering (opp til 55 %). Pasienter med skade på fremre korsband som blir operert av private tilbydarar gjennom helseforsikring eller privat finansiering er ikkje inkludert i analysane, men utgjer ein forholdsvis stor del av alle opererte.



Kjelde: NPR/SSB  
Operasjonsrate: Tal operasjonar for skade på fremre korsband per 100 000 innbyggjarar (alle aldrar), fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for kjønn og alder.

## Kommentar

Det er stor variasjon i operativ behandling av skade på fremre korsband. Det er ikkje kjent at førekomsten av skade på fremre korsband varierer tilsvarande mellom ulike deler av landet, og variasjonen i offentleg finansierte operativ behandling av skade på fremre korsband blir karakterisert som uønska.

Operativ behandling av barn med skade på fremre korsband er om-diskutert. Praksis i Noreg har vore relativt restriktiv av omsyn til risiko for skade på knoklar i vekstfase. Dei fleste opererte i aldersgruppa 10-19 år, er 16 år og eldre (82 %).